

# BOKN BYGÐABLAD

---

NR. 5 - JUNI 1993 - ÅRG. 8

---

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## BOKN FÅR INNTEKTER FRA KÅRSTØ


Alt frå 1994 vil Bokn kommune få ca. ein million kroner i inntekter frå Kårstø-industrien. Dette er nå nedfelt i ein avtale mellom Tysvær og Bokn kommune. Inntektene skriv seg frå industrien som er basert på Sleipner-kondensatet.

Dersom det det såkalla MTBE-anlegget blir realisert, vil avtalen medføra at Bokn vil få ytterlegare 1,3 mill kr. i eigedomsskatt frå 1996.

Bakgrunnen for at avtalen mellom kommunane kom i stand, er plasseringsstriden mellom dei to kommunane i samband med eit eventuelt gasskraftverk i Kårstø-området.

Avtalen er nyleg vedtatt av kommunestyra i begge kommunane.

Avtalen mellom kommunane skal visstnok vera nokså eineståande. Ein kjenner ikkje til at andre kommunar her i landet har gjort liknande avtalar.



## GLIMT FRA BARNEÅRA

Kwart år er det like gildt å lesa i Bygdebladet kva dei små skuleborna har opplevd i ferien.

Dei snakkar om Dyreparken, Sverige og Legoland, som om det skulle vera Kopervik. "Det var nå me skulle vore ungar", kan eit gammalt menneske tenkja. "Men de hadde nå ferie før og", seier du. Jo visst sa eg ferie! Det var arbeid, det. Utanom sommarferien fekk me fri skulen både i potetopptaket og i torvmyrtida. Det var vanleg, når me hadde fått potetene i jorda, måtte me vera med og syta for brensel til vinteren. Mange brukte maskintorv, då måtte dei vera mykje folk. Me brukte å spa opp torvene, dei var faste og fine. Far spadde, og me bar og la det utover til turk. Det var ikkje fritt for at me ynskte me hadde vore på skulen. Men å koka kaffi og eta "non" i utmarka, det var nå kos då. Den myra me spasse i var ikkje langt frå der stamvegen går nå.

Sommarferien tok til jonsok, og snart var det slåtten. Den tok lang tid, og me grua oss i førevegen, men å vakna første morgonen, og høyra slåmaskinen på ekra utfør glaset, det var som den finaste musikk.



Slåmaskin utan motordur! Eg kan ennå høyra det.

Det kunne treffa at det kom ungar frå byen om sommaren. Familien kunne leiga hus, eller ta inn hjå slektingar. Dei hoppa og trødde i høysåtene og hadde gøy på landet. Me landsungane måtte tidleg læra å gjera nytte for oss. "Det er mykje gagn i han/henne", kunne dei seia om ein sjuåring.

Ein åker skulle leggjast att til ekre, då var det masse småstein å plukka. Det var fælt, men me slapp ikkje unna, utan at me var på skulen. Utpå føresommaren var kålrabiåkeren full av ugras, og rekkjene måtte tynnast ut. Eg kan hugsa ein gong eg hadde ein slags akkord. Den var sikkert ikkje høg, men vaksne folk hadde heller ikkje så mykje for timen.

Me var berre 3 dagar i veka i skulen, men me hadde lang dag, frå 9 til 16. Sidan ingen hadde telefon, vart me sende ærend hr og der. Å "senda ein ongje" med ein beskjed eller for å spørja om noko, det var det vanlege. Å gå med garn til damene som strikka på maskin, o gså gå og henta det ferdige arbeidet. Me fekk streng foramaning om å vera høflege, og alltid helsa på vaksne folk. Det gjorde dei som kom ærend, til oss og. Jo, det kunne vera kjekt å gå ærend når det var fint vær.

Gamle Lisa Dagsland spann garn til oss av og til. Ho ville berre ha varer i betaling. Så fekk ho havremjøl og gryn. Ho fekk melk og, den måtte eg gå med til henne. Svart arbeid kallar dei slikt nå.

## GLIMT FRÅ BARNEÅRA...

Det var gildt å snakka med Lisa. Ho hadde budd åleina sidan broren døydde. Eg trur ikkje ho brukte noko anna enn brakje til ved, og den lukta likte eg. Ho hadde alltid noko å fortelja, og viste biletet ho hadde fått frå Amerika, frå borna til Nille og Jakob. Ho hadde sett huldra og, men det fortalte ho ikkje til meg, men ho hadde fortalt det til mor.

Dei vaksne sa ofte at me likte best å gjera slikt som me ikkje kunne, og det var nok sant. Som ein gong eg fekk lyst til å prøva meg som frisør. Eg fekk lokka ei av systrene mine til å setja seg ned, sa at ho trong å fiksast litt. Resultatet var slik at eg gjekk og gjøymde meg i skogen til det verste var over. Det var så tidleg på hausten at juletrefesten var

berga. Men sidan har eg aldri sett saks i håret på folk.

Her var ymse lagsarbeid me kunne vera med på. Barneforening for NMS og barnelosje. Me som var i barnelosjen måtte gje ein lovnad utanom den vanlege fråhaldslovnaden. Det var at me ikkje skulle bruka tobakk. Ellers var det same ritual som i den vaksne losjen, med ein vaksen som forstandar. I 1934 kom søndagsskulen igang i ungdomshuset. Det var lærar Magda Sæbø som styrde den dei første åra. Litt seinare byrja Hognaland søndagsskule. Første styrar trur eg var Sigval Loten. Begge søndagsskulane har vore i gang nokolunde samanhengande heile tida.

Olaug Hognaland

## TURISME I ALVESTADKROKEN


### KOMMUNESTYRET POSITIVT INNSTILT TIL UΤBYGGING AV FERIELEILIGHETER

I siste kommunestyre låg det føre to saker om utbygging av ferieleiligheter i Alvestadkroken.

Tor Alvestad hadde søkt om løyve til å setja opp ferieleiligheter på Krogneset, og Steinar Alvestad hadde søkt om bruksendring av sjøhus til overnattingsstad.

Begge søknadene vart samråystes imøtekommne, men når det gjeld Tor Alvestad, er forutsetninga at området han har til akvakultur på same stad må utgå dersom ferieleiligheter i same området skal byggjast.

Det er forutsett at det vert utarbeidd ein felles reguleringsplan for heile området i kommunal regi.



## PRESTEN VÅR SKAL SLUTTA

Som dei fleste vel veit er soknepresten vår, Finn Bårdsen, tilsett som sokneprest i Rossabø. Han sluttar i arbeidet sitt her 30. juni.

Den siste preika si i Boknakykja held han den 13. juni, ja som sokneprest då. Han flytter jo ikkje så langt, og me vonar no at han kan koma til å gjeste oss einkvan gongen. Søndagen før, den 6. juni kl. 19.00, skipar soknerådet til fest for han på Bokn Bedehus. Ikkje fest fordi han sluttar, men i takk for det han har vore. Prosten vår, Arne O. Øystese, kjem og til å vere med oss då. Me reknar med fullt hus.

Finn Bårdsen er fødd i Stavanger i 1941, tok teologisk embedseksamen i 1967 og vart ordinert i 1968. Etter å ha vore i Porsgrunn og sidan

Gann Menighet Sandnes, vart han utnemnd til sokneprest i Tysvær i 1982. Han har altså vore her i 11 år. Arbeidsame år, der han har vore "totalengasjert" utan så nøyte å rekne på arbeidstid.

Ein prest er ein sentral person i bygdelivet. Dei aller fleste kjem i kontakt med han både i sorg og glede. Han har også eit stort og rikt bodskap å formidle.

Me er takksame for dei åra han har vore her. Tykkjer det er litt trist at han flytter. Men me skjønar godt at det ville ikkje vere naturleg å vere her heilt til pensjonsalder. Me takkar for åra me har hatt saman her, og ynskjer han til lukke med arbeidet på den nye stad.

"Så signe då Gud den gode såd, til groren ein gong er mogen."

S.V.

## VASSDRAGSPLAN FOR BOKN

Bokn kommune er tildelt statstilskot frå Direktoratet for Naturforvaltning til utarbeiding av ein vassdragsplan for kommunen.

Vassdragsplanlegging har i lengre tid blitt peikt på som ei prioritert oppgåve frå kommunen si side. Kommunen har mange vatn innanfor eit avgrensa område og det knyttar seg mange ulike interesser til bruken av vannressursene og dei vassdragsnære områda.

Målet med ein vassdragsplan er å avdekke alle dei ulike interessene knytta til eit vassdrag,- vurdere og prioritere interessene opp mot kvarandre og trekkje opp

retningsliner for framtidig bruk med sikte på å oppnå ein best mogleg forvaltning på lang sikt.

Formannskapet skal utnemne arbeidsgrupper samansett av grunneigarar, politikarar og ulike fagpersonar som skal ha ansvar for utarbeidingsa av planen. Det vil også vera aktuelt å trekka inn aktuelle interessegrupper/organisasjonar som kan bidra med innspel til planarbeidet.

Har du spørsmål el. synspunkt på kva som er viktig i eit slikt planarbeid ta gjerne kontakt med kommunen.

miljøvernleiar

## BOKNABERGSVATNET OG VATNALANDSVATNET

### IKKJE SÅ FORUREINA SOM EIN HADDE FRYKTA

Næringsmiddeltilsynet har etter ynskje frå Bokn kommune i ein periode på to år (1991/1992) gjort ein serie undersøkingar av vasskvaliteten i desse to vatna. Resultatet av undersøkingane ligg nå føre, og det står nok betre til med vatna enn mange hadde frykta.

Næringsmiddeltilsynet seier at det m.h.t. rekreasjon ikkje er grunn til umiddelbar bekymring for nokon av vatna. Ein bør likevel søkja å begrensa tilførselen av næringsstoff

dersom dette er muleg.

Som drikkevatn er begge vatna uegna, og det vert advart mot bruk av desse vatna til drikkevatn utan forbehandling som tar siktet på å fjerne bakteriar frå vatnet.

Begge vatna er påvirkta av jordbruksaktivitet som foregår i nedslagsfeltet. Dette er avspeglia i at vatna har ein viss organisk belastning, og dei er utsette for tilsig av gjødselforureina overflatevatn.

## NYE MELLOMBELS BARNEHAGELOKALE

## CAMPING PÅ AUSTRE BOKN?

Fleire saker angåande barnehagedrifta var oppe til behandling i kommunestyret den 25. mai. Det gjaldt m.a. nye mellombels lokale for ny barnehageavdeling i sokkeletasjen i kommunal bustad ved leikeplass i Alvestadkroken. For å få plass til auka etterspørsel etter barnehageplassar har ein måttat føreslå dette som ei mellombels løysing for inntil to år. Avdelinga skal kunna ta inntil 6 barn.

Kommunestyret vedtok mot tre røyster å gå inn for denne mellombels løysinga. Med dette vedtaket vil det nå bli tre barnehageavdelingar i Bokn - ei på Kyrkjebygda skule, ei i Alvestadkroken og 6-års avdeling ved Bokn skule.

Teknisk hovedutval gjekk i møte den 27. mai samrøystes inn for at Elisabeth Øvrebø og Astrid Almås skal få driva campingplass på Øyren på Austre Bokn midlertidig ein sesong til. Teknisk sjef hadde innstilt på avslag m.a. på grunn av at framtidig arealbruk for området ikkje er endeleg avklart, og på grunn av klage frå nabobar om støy og støv. I vedtatt kommuneplan er området avsett til bustadområde.


Teknisk sjef opplyser at berørte nabobar kan klaga på vedtaket. Ein eventuell klage vil gå til Fylkesmannen. Det vil såleis truleg gå relativt langt ut på sommaren før søknaden om midlertidig bruk av campingplassen er avklart.

## IKKJE ØL OVER DISK I BOKN

Den 25. mai vedtok Bokn kommunestyre med 9 mot 8 røyster formannskapet sitt fleirtalsvedtak om ikkje å imøtekoma søknadene fra Bokn Handelslag og Steinar Alvestad om sal av øl over disk. I tillegg heiter det i vedtaket at helse- og sosialstyret skal vera kontrollutval.

Som nemnt i siste bygdablad, låg det an til eit jamnt løp kva utfallet av avstemminga ville bli. Og som venta var usikkerheten knytt til kva arbeidarpartiet sine tre og senterpartiet sine 8 ville røysta. Ein var på førehand temmeleg sikker på at høgre sine fire ville røysta for løyve, og at Krf. sine to ville røysta mot. Dette skjedde også i avrøystinga. I senterpartiet var det 6 som røysta mot løyve, og 2 som røysta for. I arbeidarpartiet si gruppe var det 3 varamenn inne. To av desse røysta for løyve, og ein mot.

For første gang på lenge var det fleire tilhøyrarar til stades, og ølsaka var vel det som hadde lokka dei fleste. Til å vera alkoholdebatt var han både relativt kort og sakleg. Ikkje den store



skremsepropagandaen frå motstandarane, og heller ikkje det motsette frå tilhengarane av ølsal.

Kommunestyret vil på ny få alkoholdebatt -

Denne gongen vil det dreia seg om Arskroen Kiosk og Kafe som har søkt om løyve til skjenking av øl og vin.

## BRÅTEBRANN

Selv om bråtebrannsesongen er over for i år vil en likevel minne om at slik brenning medfører betydelig luftforurensning.

Norsk institutt for luftforurensning har kommet fram til at brenning av 100kg hageavfall tilfører lufta følgende stoffer:

- \* ca.10kg CO
- \* ca.10kg sot/aske/støv
- \* ca 250gr div. adekyder
- \* 50gr PAH-forbindelser
- \* 70gr hydrokarboner

Mengden PAH-forbindelser kan sammenlignes med utslippet fra en bil etter kjørte 150000 km Lærdommen av dette må være at vi tenker oss om før bålet tennes neste gang.

Brannsjefen



#### OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30  
ONSDAG : 16 - 19.00  
TORSDAG: 10 - 13.30



#### VAKSNE

Haslund, Ebba:  
Ikke naken , ikke kledd.

Larsen, Vetle Lid:  
I engelens munn.

Moe, Ingvar:  
Ulveslåtten.

Olsen, Pål Gerhard:  
Rødt regn.

#### BARN OG UNGDOM

Haugen, Tormod:  
Tsarens juveler.

Hedlund, Irene:  
Kjælegrisen.

Knudsen, Sverre:  
Rask.

Mathisen, Mathis:  
Spøkelsesbyen  
Civita Morte.

#### KJÆRE BOKVENNER

SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
KANSJE DU HAR BØKER DU  
SKULLE VORE ATTENDE MED ?

## SIGVART DAGSLAND-KONSERTEN

Sigvert Dagsland holdt ein veldig bra konsert på Bokn skule den 13. mai. Han gav oss ein oppvisning i stemmeprakt ein skal leita lenge etter her i landet. Imponerte gjorde han også på keyboard.

Artisten spela og song utan stopp i nesten 2 timer, og eg trur ikkje nokon av publikum blei skuffa. Han serverte oss den eine godbiten etter den andre frå repertoaret sitt !


Sigvert Dagsland holdt konserten i kjent stil; masse humor, uhøgtideleg ramme og oppfordringar til allsong. Han fekk med ein gong god kontakt med publikum som nesten berre bestod av boknarar. (115 stk.)

At han tar musikken sin svært alvorleg blei tydeleg påvist då han varma opp i 2 timer før konserten. Saman med teknikaren gjekk han systematisk gjennom konsertrepertoaret og finpusa på kvar minste detalj.

Det viste seg at Sigvert Dagsland var ein veldig grei person å omgås med. Han sa m.a. at han var veldig glad for at me ville arrangere konserten, slik at han fekk opptre rundt på bygdene.

Konserten var god Pr. for Bokn kommune. Me hadde venta eit større publikum. Haugesunds avis må ta noko av skylda p.g.a. ei ueheldig forhåndsamtale + at det stod feil tlf.nr. i annonsa første gong.


Underskotet gjer at det dessverre blir vanskelig å arrangere slike store konsertar i Bokn i framtida.



# SKULEKORPSET PÅ STEVNE

Sundag 23. mai var Bokn skulekorps på "Øyastevnet". Det foregjekk på Bru i Rennesøy kommune. Stevnet blir på omgang arrangert av korpsa i Rennesøy, og denne gong ville dei ha med oss i Bokn. "Rennfast" gjer det som kjent lettvint å vere med på noko slikt.

Det var 8 korps som deltok utanom Bokn. Opplegget var tradisjonelt for eit korpsstevne med oppmarsj frå ymse stader rundt Bru skule, og Bokn marsjerte frå Sokn. På Bru skule var det prolog og helsingar til Bru skulekorps som var 25 år. Kvart korps hadde eit innslag i to konsertøkter.



Bokn skulekorps opptrådte med marsjoppvisninga si som også blei vist her på 17. mai. Det er ganske spesielt at eit heilt korps går i formasjonar og spelar inn i mellom, og oppvisninga blei veldig godt mottatt blant publikum på Bru. Trampeklapp og godord inspirerer oss til vidare satsing, og me skal også vidareutvikla dette til hausten med eit nytt marsjseminar.

Det var 26 stk. med i skulekorpset denne gong. Messingaspirantane var forutan oppmarsjen frå Sokn med på eit av fellesnummera til slutt. Det er ei spesiell oppleving å spele saman med 250 musikantar.

Det gjorde godt å få komme ut for å vise noko som har vore jobba med i 5 mnd. Korpset er på veg oppover igjen, og me håpar på å få behalde både dei eldste musikantane og instruktørane våre lenge slik at me får tid å bygge opp bakover i korpset.

Neste år er skulekorpset 30 år, og me har allerede fått spørsmål om å arrangere "Øyastevnet" her neste vår. Så får me sjå, det var i alle fall kjekt å delta.

Til slutt ein takk til dei foreldra som var med. Korpset treng å få støtte på den måten !

## ASPIRANTOPPLÆRING

Me vil minne folk på at opptak til aspirantopplæring foregår i desse dagar, og det er god plass på både messing og slagverk. Drill-aspirantar tar me ikkje opp i år.

Rekruttering til Bokn sitt skulekorps er viktig, og opplæringa er også gratis ! Interesserte tar snarast kontakt med musikkskulen.

*Jordan* 9

## KYRKJEBYGDA VANNVERK

Det nye vannbehandlingsanlegget har vært i drift en måneds tid. Drikkevannet blir ikke lenger tilsatt klor. Desinfiseringen av vannet blir nå gjort ved hjelp av såkalt UV-stråling. (ultraviolette stråler) Råvannet (fra Torlandsvatn) er surt. For at vannet til forbruker skal være mindre surt, passerer vannet igjennom store beholdere med knust marmor. I tillegg økes samtidig vannets kalsiuminnhold og alkalitet.

Vannkvaliteten tilfredsstiller nå de kjemiske kravene i henhold til anbefalte normer. På grunn av groing i vannledningsrørene er de bakteriologiske forholdene fremdeles ikke gode nok. (gjelder ikke tarmbakterier som blir drept under Uv-bestrålingen.) Etterhvert blir det tilrettelagt for en mer effektiv spyling av ledningsnettet og da vil bakterietallet synke. Publikum besnarest mulig kontakte teknisk etat hvis det oppdages uregelmessigheter ved vannforsyningen.

En vil ellers minne om at vannbehandlingen koster penger. Utgiftene øker i forhold til vannforbruket. Begrens derfor hagevanningen til et minimum.

For å redusere vannforbruket er det også viktig at alle abonnenter kontrollerer at de ikke har kraner eller annen armatur som lekker. Mange bekker små----

Generelle spørsmål om vannforsyningen kan rettes til teknisk etat.

Teknisk sjef

## FOTBALL

Turnering for Lilleguttene  
REMA 1000-CUP 24. og 25. april.

Laget til Bokn: Sigrleiv Våga, Oddbjørn Almås, Tore Øvrebø, Bjørn Erik Øvrebø, Erlend Nygaard, Jostein Aksdal, Bjørn Thuestad, Kjartan Jensen, Tor Inge Sæbø, Sveinung Sæbø, Glenn Taraldlien, Bjørnar Bryningsland.

24. april:

Djerv 1919 - Bokn	5 - 0
Bokn - Vard 7	1 - 4
Bokn - Vard 2	0 - 12

Laga vi møtte lørdag 24.04. var altfor gode for oss. Likevel må 5 - 0 mot Djerv 1919 sitt 1.lag betegnes som et veldig godt resultat. Boe mer skuffende er tapet mot Vard 7. Dette må grusbane ta det meste av skylda for. Bokn-lag og grus hører ikke sammen. 0 - 12 for Vard 2 er som ventet.

25. april:

Bokn - Vard 8	4 - 0
---------------	-------

Scoringer: Glenn 2, Bjørn 1, Bjørnar 1.

Kopervik 2 - Bokn 4 - 1

Scoring: Glenn.

Klar seier til Bokn i 1. kamp var som ventet. Guttene hadde fått erfaring med grusbanen de spilte på. Tapet mot Kopervik 2 var ventet, men dette var Bokn-lagets beste kamp i hele turneringen. Resultatet er veldig sterkt. Alle spillerne gjorde en god innsats under hele turneringen. Spesielt de to Miniene Sveinung og Tor-Inge må få skryt for sin jobb.

Alle fikk premier: Diplom + Trixeball + Coca Cola + T-skjorte.

## FOTBALL

### Seriekamp for Lillegutter

Torsdag 29. april

Bokn - Vindafjord 1 3 - 8  
(Føresvik Stadion)

Laget til Bokn: Oddbjørn Almås, Sigleiv Våga, Tore Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørn Thuestad (kapt.), Erlend Nygaard, Jostein Aksdal, Glenn Taraldlien.

Scoringer for Bokn:  
Bjørn 1, Bjørnar 1, Erlend 1.

Bokn hadde sine beste spillere i Bjørnar, Bjørn og Erlend, mens både Tore og Bjørn Erik gjorde en god jobb.

Det er bestandig skuffende å tape mot et lag der vi er like gode ute på banen. Skal man vinne slike kamper må det scores på de tilbudene som kommer. Det klarte derimot Vindafjord-laget og vant på det.

Frode Gismarvik dømte kampen.

---

### Seriekamp for Lilleguttene onsdag 5. mai (Føresvik)

Bokn - Førland 4 - 2

Laget til Bokn: Oddbjørn Almås, Sigleiv Våga, Tore Øvrebø, Bjørnar Bryningsland, Bjørn Erik Øvrebø, Bjørn Thuestad (kapt.), Erlend Nygaard, Jostein Aksdal, Glenn Taraldlien, Kjartan Jensen, Tor Inge Sæbø.

Scoringene til Bokn: Glenn 3 Erlend 1.

Glenn og Bjørn var Bokn-lagets beste spillere, mens både Bjørnar, Erlend og Oddbjørn spilte bra.

Det scores for lite mål av lilleguttene, derfor ble det

bare en knepen 2 mål seier, i stedet for tosifret som det lett kunne blitt her.  
Likevel må vi si oss fornøyd med seieren.

Thomas Skaar dømte kampen.

---

### Seriekamp for smågutter på Føresvik stadion 26 april.

Bokn - Brodd 7 - 6

Laget til Bokn: John Øvrebø, Tor Harald Alvestad, Richard Skaar, Arnstein Hosaas, Roger Jøsang, Stephan Haram, Bernt Helge Olaussen (kapt.), Bjørn Thuestad.

Scoringene til Bokn: Bernt Helge 3, Richard 3, Stephan 1.

Richard og Bernt Helge skilte seg ut som Bokn-lagets beste spillere. Det vil si banens beste. Både Roger, John og Tor Harald var brukbare.

Etter to gode treningskamper hadde Bokn-laget et stort forventningspress på seg i serieåpningen. Derfor var det et til tider nervøst lag som aldri klarte å knekke dette svake Brodd-laget. Både på 3 - 0 i første omgang og på 5 - 3 i 2. omgang burde kampen blitt avgjort. I stedet for å avgjøre kampen på disse tidspunktene, slappet Bokn-laget av og slapp Stavanger-laget inn i kampen. Dette kunne ha straffet seg i slutten av 2. omgang. Med under 10 min. igjen gikk Brodd opp til 6 - 5 og kunne ha vunnet kampen på det. Med en siste kraftanstrenghelse utlignet Bokn, og på overtid kom seiersmålet. En heldig men fortjent seier til små-guttene.

Thomas Skaar, Bokn, dømte kampen.

Odd Magne Olaussen.

||

## FOTBALL

Seriekamp for Småguttene i Hundvåg 3. mai.

Hundvåg - Bokn 3 - 3

Laget til Bokn: John Øvrebø, Tor Harald Alvestad, Richard Skaar, Arnstein Hosaas, Bernt Helge Olaussen, Johnny Borgenvik (kapt.), Roger Jøsang.

Scoringene til Bokn: Johnny 2, Richard 1.

Arnstein og Johnny var Bokn-lagets beste spillere, mens både Roger, John og Richard hadde en god kamp.

En skikkelig arbeidskamp av guttene dette her, der alle jobbet godt i to omganger. Dette Hundvåg-laget regnes som et av de bedre i denne avdelingen. De åpnet da også veldig sterkt og ledet med 3 - 0 etter at de første 20 minutt av første omgang var spilt. En noe heldig scoring for Bokn i sluttminuttene av 1. omgang gjorde at Bokn-laget plutselig var inne i kampen igjen. I 2. omgang sto kampen og vippet i de 20 første minuttene. Da la Hundvåg om taktikken, de prøvde å komme med flere spillere framover på banen. Dette slo negativt ut for vertene og til fordel for oss. Mest fordi at Bokn-laget nå kom raskt i angrep på kontringene med mange spillere og var i overfull framfor Hundvåg-målet. Dette førte til 2 Bokn-mål og full forvirring i Hundvågforsvaret. Dette kunne ha ført til flere mål til Bokn. Likevel må vi si oss fornøyd med resultatet kampen sett under ett.

Seriekamp for lille gutter onsdag 12. mai, Føresvik.

Bokn - Falkeid 0 - 4

Laget til Bokn: Oddbjørn Almås, Tore Øvrebø, Bjørn Erik Øvrebø, Sigleiv Våga, Erlend

Nygaard, Bjørnar Bryningsland, Jostein Aksdal, Glenn Taraldlien, Bjørn Thuestad (kapt.)

Det er vanskelig å ta ut noen beste spiller på et lag der alle gjør en god jobb.

Lille guttene stilte til kamp denne onsdagen mest for å forsvere seg mot et lag fra Tysværåg som de i utgangspunktet måtte regne med å tape både med 10 og 20 mål. Resultatet til slutt svarer for seg selv.

---

Seriekamp for lille gutter onsdag 19. mai, Skjold.

Skjoldar - Bokn 9 - 3.

Laget til Bokn: Oddbjørn A., Tore Ø., Bjørn Erik Ø., Sigleiv V., Bjørnar B., Jostein A., Kjartan J., Glenn T., Bjørn T. (kapt.).

Scoring for Bokn: Glenn 1, Bjørn 2.

Ingen av spillerne var spesielt gode.

Dette var kampen som lille guttene bør glemme ganske fort.

---

Seriekamp for småguttene torsdag 13. mai, Føresvik.  
Bokn - Jarl 2 2 - 2

Laget til Bokn: John Øvrebø, Tor Harald Alvestad, Richard Skaar, Arnstein Hosaas, Bernt H. Olaussen, Roger Jøsang, Bjørn Thuestad, Johnny Borgenvik (kapt.).

Scoringene til Bokn: Johnny 2 Beste spiller for Bokn var John og Tor Harald, mens både Richard og Arnstein spilte bra.

Denne kampen kan småguttene glemme så fort som mulig.

Odd Magne Olaussen.

## TURORIENTERING

En minner om at turorienteringsløypa, som ble lagt ut i Boknafjellområdet i 92, fremdeles er oppe. Kartmappe mv. kan kjøpes hos Steinar Alvestad og Handelslaget i Førresvik. Pris: kr.20,- De som fullfører kan få turorienteringsmerket.

GOD TUR!

For Bokn idrettslag

Hans Faye

## SLEKTERS GANG:

### Fødde:

02.02.93 Hilberg Andreas  
Ramstad Nemeth  
18.03.93 Gut (Otto Fostenes og Anne Hognaland).  
25.03.93 Gut (Per Helge Sunde og Hege Jøsang)

### Døde:

04.01.93 Martha Serine Jøsang  
08.01.93 Lars Markhus  
10.03.93 Sigvald Bokneberg  
23.03.93 Peder Tobias Ognøy  
18.04.93 Ragnvald Osmund Kro

## JAKTPRØVE

Det blir øvelsesskyting på følgende dager:

Søndag 13.06 kl. 14 - 16  
Onsdag 23.06 kl. 18 - 20  
Onsdag 25.07 kl. 18 - 20

Jaktprøve blir det på følgende dager:

Søndag 15.08 kl. 14 - 16  
Onsdag 25.08 kl. 18 - 20

## TIL ALLE SKYTEINTERESSERTE!

Er du ca. 12 år eller eldre og er interessert i skyting kan du møte opp på skytebanen i Tverrdalen på Gunnarstad de dagene det er øvelsesskyting. Der blir det anledning til å skyte med rifle i kaliber 22 (salong).

Hilsen  
Bokn skyttarlag

## ST. HANSVELD I PERALIA

Start KL 19.00

Opning av speidarane.Flaggheis.

Sal av brus,pølser,chips,sjokolade,kakao,kaffi,pannekaker o.l.

Grillar til disposisjon

Leikar og aktiviteter for heile familien.

Leikar for dei minste (så dei vaksne kan grilla i fred og ro)

Leirbål og underhaldning.

Slutt kl 23.00.

Vel møtt med heile familien.

Helsing  
1. BOKN KFUM/KFUK.



# BOKN KOMMUNE

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90  
4290 BOKN

## ETABLERINGSLÅN 1993

Bokn kommune har midlar til vidare utlån ved bygging av ny bustad, kjøp av bustad eller utbetring av eldre bustad.  
Lånet er behovsprøvd.

M. a. husstandar som skal etablera seg for første gong og husstandar med funksjonshemma er prioriterte.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Ovannemnde lån er det ikkje søknadsfrist på.

## UTBETRINGSTILSKOT OG LÅN 1993

Ein kan søkja om lån/tilskot til ulike slag utbetringsarbeid - t.d. innstallering av bad/WC, isoleringsarbeid m.v.

Dese kan søkja:

1. Husstandar der minst ein person er over 60 år.
2. Husstandar med funksjonshemma.
3. Husstandar med særlege sosiale behov.

Ordninga er behovsprøvd, og kommunen tek m.a. omsyn til inntekts og formuetilhøve.

Med søknaden skal det fylgja eit overslag over kostnadene oppsett av bygningsmann.

Søknadsskjema og nærare opplysningar får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 1. juli 1993.

## KUNNGJERING

Etter PBLØ 20-5 gjer ein kjent at arbeidet med kommuneplanen sin arealdel blir starta opp i løpet av juni 93. Arbeidet vil også omfatta revidering av gjeldande plan for områda langs riksvegen mellom Alvestad og Are.

Planarbeidet vil dreia seg om å bestemma byggeområde, landbruks, natur- og friluftsområde, område for særskilt bruk eller vern av sjø og vassdrag samt viktige ledd i kommunikasjonssystemet.

I tillegg skal det utarbeidast utfyllande bestemmelser til planen.

Utanom statlege og kommunale organ vil berørte enkeltpersonar og grupper få høve til å ta aktivt del i planprosessen. Grunneigarar eller andre som ynskjer å koma med innspel til planarbeidet kan kontakta rådmannen eller teknisk sjef på telef. 04748500.

Før arealplanen vert behandla i kommunestyret vil dei mest aktuelle spørsmåla i planen bli lagde fram på ein slik måte at dei kan takast opp til offentlig debatt. Utkast til arealplan vil bli lagd ut til offentleg ettersyn og sendt fylkeskommunen, berørte statlege organ og organisasjonar m.v. som har særlege interesser i planarbeidet til uttale.

## SOMMERJOBB VED TEKNISK ETAT

DET ER LEDIG SOMMERJOBB VED  
TEKNISK ETAT I PERIODEN  
28.06.-13.08.93. JOBBEN SKAL  
DELES PÅ 2 PERSONER.

SØKERE BØR VÆRE FYLT 18ÅR

SKRIFTELIG SØKNAD MÅ VÆRE SENDT  
TEKNISK ETAT INNEN DEN 18.06.93

Teknisk sjef

## OLJEGRUSING-93

Oljegrusing av kommunale veger  
vil starte i løpet av uke 23.  
Private som ønsker oljegrusing  
kan henvende seg til teknisk  
tat innen den 04.06.93.  
Prisen er kr. 60,-/m<sup>2</sup> opp til  
150m<sup>2</sup> og kr. 56,-/m<sup>2</sup> over 150m<sup>2</sup>

Teknisk sjef

## TIL SALGS:

Skjellsand kr. 110,- pr. 7 hl.  
utkjørt.

Har og sand, singel og grus.

Jakob Ullenes, 4150 Rennesøy,  
tlf. 04 51 32 87  
mobil 060 70873.



BOKN KOMMUNE

## LEDIGE STILLINGAR I PLEIE- OG OMSORGSTENESTA

Bokn kommune har ca. 760 innbyggjarar. Kommunen ligg sentralt i Rogaland, med gode kommunikasjoner både på land og sjø.

Bokn har mange gode kvalitetar, mellom anna ein variert natur med gode muligheter for friluftsliv.

Det er ei målsetjing å utvikla lokalsamfunnet med hovedvekt på det menneskelege miljø.

Pleie og omsorgstenesta er organisert slik at Bokn sjukestove er base for omsorg og pleie både i institusjon og heimebasert omsorg.

Alle helse- og sosialtenestene er samla i kommunesenteret Boknatun, med sósialkontor, sjukeheim, legevaktsentral, helsecenter med lege, helsesøster, fysioterapeut og tannlege.

Vi har ledige stillingar som:

### — AVDELINGSSJUKEPLEIAR 75% og 50%

Arbeidsområdet for sjukepleiar er innanfor modellen med samordna tenester. Arbeidsoppdraga kan difor variera ein god del med arbeid både i sjukeheim, heimebasert omsorg og legevaktsentral med førstelinjeteneste overfor heile befolkninga.

Det vert kravd god evne til samarbeid med fleire faggrupper.

Arbeidet er i turnus med vakt kvar 3. helg.

Ein må kunna disponera bil i arbeidet.

Tilsetjing på vanlege kommunale vilkår.

Tilsette må retta seg etter ev. endringar i arbeidsområdet.

Avdelingssjukepleiar er løna etter st.k. 7021 — l.tr. 14.

Opplysningsar om stillingane får ein ved å venda seg til pleie- og omsorgssjef eller oversjukepleiar, tlf. 04 74 85 00-linje 125 eller 121.

Oppgi ønska stillingsandel i søknaden.

Søknad med avskrift av attestar og vitnemål sender ein til Bokn kommune, Tilsetjingsutvalet, 4290 Bokn innan 15.06.-93.

Rådmannen

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300

Halv side: kr. 150

1/4 side: kr. 75

1/8 side: kr. 50

Små privatannonser: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.

Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

**ARRANGEMENT:**

**BOKNAFESTIVALEN**

vert i år sundag den 13. juni  
på Bokn skule.

Gjester i år: Fylkesmusikarane  
i Nord-Rogaland.

**FIREBRUERSLØPET/BRUAMARSJEN**

**VERT I ÅR SUNDAG 27. JUNI.**

**BOKN BYGDEMUSEUM**

har ope kvar sundag i juni -  
juli - august kl. 15 - 18.

**Velkomen!**

**TIL SALGS**

**KEYBOARD!**

TECHNICS KN 220 lite brukte 1  
år til salgs.

Tlf. 04 74 84 55

YAMAHA 9,9 90 modell lang  
stamme. Som ny.

Tlf 04 74 84 55

VINGEN HARMONY orgel - pent  
brukte til salgs kr. 3.000,-

Tlf. 04 74 85 29



13.06 kl. 11.00  
Høgmesse v/ Bårdsen.  
Offer sjømannsmisj.

**DNT KRETSSTEMNE FOR SØR- OG  
NORD-ROGALAND SUNDAG 6.JUNI**

Stemnet startar med  
gudsteneste i Bokn Kyrkje.  
Etterpå held det fram på Bokn  
skule. Det vert servert  
lapskaus. Alle er velkomne,  
men det er ynskjeleg at ein  
gir beskjed til Sigmund  
Alvestad dersom du vil vera  
med på stemnet etter  
kyrkjetid.

**FOTPLEIE**

FOTPLEIE ONSDAG DEN 9. JUNI.  
PÅMELDING TLF. 04 74 85 00.  
DET VERT IKKJE FOTPLEIE I JULI.

**TAKK**

Takk for oppmerksomheten i  
samband med 70-års dagen min.

Helsing Kjell Kro

Hjertelig takk for all  
oppmerksamhet på 70-års dagen.

Bertha Våge